



DET KONGELEGE
ARBEIDSDEPARTEMENT

Prop. 7 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i folketrygdlova
og enkelte andre lover
(samleproposisjon hausten 2011)

Innhald

1	Innleiing	5	6.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	16
2	Endring i aktivitetskravet for rett til overgangsstønad til einsleg far eller mor – folke-trygdlova § 15-8	7	7	Lovtekniske justeringar, presiseringar og opprettingar ..	17
2.1	Innleiing og bakgrunn	7	7.1	Rett til omsorgspengar og pleie- pengar fram til fylde 70 år – folketrygdlova § 9-3	17
2.2	Departementet si vurdering og forslag	7	7.2	Rett til stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet for personar som mottok alders- pensjon – folketrygdlova § 10-5, jf. § 10-4	17
2.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	8		Flytting av regelen om verknads- tidspunkt for arbeidsavklarings- pengar – folketrygdlova § 11-13	18
3	Auking av arbeidsgivarperioden frå 5 til 10 dagar ved minst 40 prosent permittering – lov om lønnsplikt under permittering § 3	9	7.3	Studentars rett til arbeidsavkla- ringspengar – Innsetjing av lovheimel på ny i folketrygdlova § 11-13	18
3.1	Innleiing og bakgrunn	9	7.4	Oppretting i folketrygdlova § 12-5	18
3.2	Departementet si vurdering og forslag	9	7.5	Berekning av uførepensjon for pensjonistar omfatta av unntaks- reglane frå kravet om føregåande medlemstid i folketrygdlova § 12-2 fjerde ledd – Innsetjing av lovheimel på ny i § 12-13	18
3.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	10	7.6	Oppheving av regelen om førebels uførepensjon – folketrygdlova § 12-16	19
4	Ny føresegn i arbeidsmiljølova om offentlig godkjenning- sordning i reinhaldsbransjen	11		Retting av lovtilvising i folketrygd- lova § 22-10	19
4.1	Innleiing og bakgrunn	11	7.7	Retting av lovtilvising i arbeids- og velferdsforvaltningslova	19
4.2	Departementet si vurdering og forslag	11			
4.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar.	13			
5	Kravet om minsteinntekt for rett til dagpengar under arbeidsløyse – verknadstids- punktet for nytt grunnbeløp – forskriftsheimel – folketrygd- lova § 4-4	15	7.8	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	20
5.1	Innleiing og bakgrunn	15	8	Merknader til endringane i folketrygdlova	20
5.2	Departementet si vurdering og forslag	15	8.1	Merknader til endringa i lov om lønnsplikt under permittering	22
5.3	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	15	8.2	Merknader til endringa i arbeids- og velferdsforvaltningslova	22
6	Endring av den nedre alders- grensa for rett til sjukepengar – tilpassing til endringar i pensjonsreforma – folketrygdlova § 8-3	16	8.3	Merknader til endringa i arbeids- miljølova	22
6.1	Innleiing og bakgrunn	16	8.4	Merknader til lov om krigspensjonering for militær- personer	22
6.2	Departementet si vurdering og forslag	16	8.5		

8.6	Merknader til lov om krigs- pensjonering for hjemmestyrke- personell og sivilpersoner	22	8.10	Merknader til lov om yrkesskade- trygd	23
8.7	Merknader til lov om pensjons- trygd for sjømenn	22	8.11	Merknader til skatteloven	23
8.8	Merknader til lov om pensjons- trygd for fiskere	23	8.12	Merknader til AFP- tilskottloven ..	23
8.9	Merknader til lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser	23	8.13	Merknader til lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse	23
				Forslag til lov om endringer i folke- trygdlova og enkelte andre lover	25

Prop. 7 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (samleproposisjon hausten 2011)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 4. november 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Arbeidsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i:

- Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- Lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering
- Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- Lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen (arbeids- og velferdsforvaltningsloven)
- Lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere
- Lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser
- Lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskade-trygd
- Lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- Lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor (AFP-tilskottsloven)
- Lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Som følgje av at reglane om førebels uførepensjon blir oppheva, er det nødvendig å gjere endringar i følgjande lover:

- Lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjoning for militærpersoner
- Lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjoning for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner
- Lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn

I proposisjonen blir desse endringane foreslåtte på bakgrunn av budsjettforslag for 2012:

- skjerping av aktivitetskravet for einsleg mor eller far som får overgangsstønad frå folketrygda, slik at aktivitetskravet skal gjelda frå det yngste barnet fyller eitt år (punkt 2).
- arbeidsgivarar sin lønnspliktperiode under permittering blir auka frå 5 til 10 dagar for permit-

terte som har fått redusert arbeidstida si med minst 40 prosent (punkt 3).

- ny føresegn i arbeidsmiljølova som gir heimel til å gi forskrift om offentlig godkjenningssordning i reinhaldsbransjen (punkt 4).

Det blir vidare foreslått:

- at Kongen i forskrift kan fastsetje verknadstidspunktet for endringa i kravet til minsteinntekt for rett til dagpengar under arbeidsløyse som følgje av endringar i grunnbeløpet (punkt 5).
- at reglane om rett til sjukepengar for personar som er for unge til å ha pensjonsgivande inntekt blir oppheva som følgje av at nedre alders-

grense for pensjonsgivande inntekt blei senka frå 17 til 13 år frå 2010 (punkt 6).

- at regelen om førebels uførepensjon etter folketrygdlova § 12-16 blir oppheva som følgje av at regelen er overflødig ettersom ein kan få rett til arbeidsavklaringspengar i ventetid på uførepensjon etter folketrygdlova § 11-13 andre ledd bokstav c (punkt 7.7).

Det blir i tillegg foreslått enkelte lovtekniske justeringar, presiseringar og opprettingar i folketrygdlova og arbeids- og velferdsforvaltningslova (punkt 7).

2 Endring i aktivitetskravet for rett til overgangsstønad til einsleg far eller mor – folketrygdlova § 15-8

2.1 Innleiing og bakgrunn

Stønader til einsleg mor eller far i folketrygdlova kapittel 15 har eit tosidig formål, å sikre inntekta til aleineforeldre og gi mellombels hjelp til sjølvhjelp slik at stønadsmottakaren kan bli i stand til å forsørge seg sjølv ved eige arbeid.

Siktemålet om at forsørgjaren skal bli sjølvhjelpen, har følgt denne stønadsordninga frå starten av. Med verknad frå 1. januar 1998 blei kravet til aktivitet som vilkår for å få stønaden innskjerpa. Ot.prp. nr. 8 (1996–97) viste til Velferdsmeldinga (St. meld. nr. 35 (1994–95)) som uttalte at einslege forsørgjarar, som andre med små barn, i utgangspunktet bør forsørge seg sjølve såframt omsynet til barnet gjer det mogleg. Regjeringa gjekk derfor inn for å styrke insentiva for eigen forsørging. Stortinget slutta seg til dette. Mellom anna blei stønadsperioden korta vesentleg ned og arbeidslinja styrkt. Regjeringa ville satse på utdanning og kvalifisering for arbeidslivet og tiltak for å etablere eller oppretthalde kontakten med arbeidslivet.

Etter folketrygdlova § 15-8 må den einslege forsørgjaren vere i yrkesretta aktivitet frå det yngste barnet har fylt tre år for å få rett til overgangsstønad. Krava til aktivitet er oppfylte dersom forsørgjaren er under utdanning som tilsvarer minst halvparten av utdanning på full tid, er i arbeid tilsvarende minst halvparten av full tid eller står tilmeld Arbeids- og velferdsetaten som reell arbeids-søkjar. Kravet til aktivitet er også oppfylt dersom den einslege forsørgjaren etablerar eigen verksemd eller er brukarkontakt for eit nettverk av andre mottakarar av overgangsstønad. Det er mogleg å gjere unntak frå aktivitetskravet ved sjukdom hos forsørgjaren eller barnet.

Departementet foreslår her at aktivitetskravet blir ytterlegare skjerpa og at det skal gjelde frå barnet fyller eitt år.

2.2 Departementet si vurdering og forslag

Kravet til aktivitet etter folketrygdlova § 15-8 slår først inn frå det yngste barnet er tre år. Dette inneber at den einslege forsørgjaren kan stå utanfor arbeidslivet, og ikkje ha yrkesrelatert aktivitet i inntil tre år, dersom overgangsstønaden blei innvilga på det tidspunktet barnet blei født. Det kan i tillegg innvilgast fleire periodar ved fleire barnefødselar. Dersom det yngste barnet er over tre år når forelderen søker om overgangsstønad, er hovudregelen at den einslege faren eller mora skal vere i yrkesretta aktivitet frå første dag.

Regelverket er utforma for å stimulere til aktivitet: Stønadsmottakarar i arbeid får avkorta stønaden med 40 prosent av inntekt over ½ G. Avkortingsreglane er utforma slik at det skal lønne seg å arbeide. Stønadsmottakarar som er under utdanning som er naudsynt for å kvalifisere dei for arbeidsmarknaden, kan få stønadsperioden forlenga med to år.

I den siste tida har overgangsstønaden blitt vurdert i eit kritisk lys. Spørsmålet er om tre år utan krav til yrkesrelatert aktivitet bidrar til å styrkje eller svekkje formålet om å gjere den einslege forsørgjaren sjølvhjelpen. Særleg har debatten dreidd seg om innvandrarkvinner si utsikt til å forsørge seg sjølve og bli integrerte i det norske samfunnet. Problemstillinga er også aktuell for norske stønadsmottakarar som er lite motiverte for å delta i arbeidslivet.

Fafo-rapport 2010:32 "Stønadsordningen for enslige forsørgere. Hvordan fungerer den for mottakere med innvandringsbakgrunn?"¹ gjennomgår korleis overgangsstønaden verker inn på sjansane for å få arbeid etter at stønadsperioden er avslutta. Funna tyder på at overgangsstønaden verkar positivt for størsteparten av stønadsmottakarane. Dette gjeld for dei som brukar stønadsperioden aktivt til å kvalifisere seg for arbeidsmarknaden, og som kjem raskt i gang med utdanning.

¹ Hanne C. Kavli, Roy A. Nielsen og Miriam Latif Sandbæk

Desse brukarane har ofte høgare inntekt etter at stønadsperioden er avslutta enn dei hadde tidlegare. For dei som ikkje er motiverte for arbeidslivet og for innvandarkvinner med lite eller ingen skolegang eller røynsle frå arbeidslivet, kan ein eller fleire periodar utan krav til yrkesretta aktivitet ha motsatt verknad. Fafo-rapporten inneheld anbefalingar om å stramme inn på visse sider av regelverket, blant anna at kravet til aktivitet skal gjelde frå det yngste barnet fyller eitt år.

NOU 2011:7 "Velferd og migrasjon" (Brochmannutvalet) har ein brei omtale av overgangsstønaden i eit innvandrar- og integreringsperspektiv, der utvalet mellom anna refererer til Fafo-rapporten. Utvalet anbefalar, som Fafo-rapporten, omleggingar i stønaden, blant anna at kravet til aktivitet skal gjelde frå barnet fyller eitt år.

Ved lovendringane frå 1998 blei det vist til fleire nye tiltak som letta tilhøvet for småbarnsforeldre, mellom anna auka barnehagedekning, lengre svangerskapspermisjon og tidskontoordning. I åra etter dette er perioden med foreldrepengar forlenga ytterlegare, og barnehagedekninga er god. Departementet meiner derfor det no er grunn til å endre krava til aktivitet for å komme ut i arbeidslivet.

Styrka krav til aktivitet reduserer den passive stønadsperioden og bidrar til at den einslege forsørgjaren raskare kan forsørge seg sjølv ved eige arbeid. Departementet reknar derfor med at styrka krav til aktivitet fører med seg betre økonomiske kår for einslege foreldre og barna deira fordi forsørgjaren får sterkare band til arbeidslivet eller tar utdanning som gir betre føresetnader på arbeidsmarknaden. Frå barnet fyller eitt år bør det derfor gjelde krav til yrkesretta aktivitet i tråd med § 15-8.

Departementet meiner at einslege foreldre framleis skal ha rett til overgangsstønad i det første leveåret til barnet utan krav til aktivitet utanfor heimen, likt med yrkesaktive foreldre som er i lønna fødselspermisjon. Den samla stønadsperioden er heller ikkje foreslått endra.

Departementet foreslår at omfanget av aktiviteten skal vere på gjeldande nivå, det vil seie minst halv tid av vanleg full stilling eller minst halvparten av vanlege fulltidsstudiar, eller gjennom å melde seg som arbeidssøkar hos Arbeids- og velferdsetaten. Arbeids- og velferdsdirektoratet vil bli beden om å sørgje for hensiktsmessig informasjon til den aktuelle gruppa om at aktivitetsplikta kjem tidlegare, og elles om å sikre god oppfølging, særleg av dei som registrerer seg som arbeidssøkarar. For einslege med minoritetsbakgrunn, kor manglande norskkunnskapar kan vere eit hinder for å komme i arbeid, bør ein vurdere å gi tilpassa norskopplæring i kombinasjon med andre tiltak. Departementet gjer merksam på at regelverket inneheld unntak frå aktivitetskravet dersom forelderen ikkje lykkast med å få tak i tilfredsstillande tilsyn til barnet.

Departementet viser til § 15-8 første ledd i lovforslaget.

2.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2012, og får verknad for personar som får innvilga overgangsstønad tidlegast frå same tidspunkt.

Den foreslåtte endringa vil føre til ei innsparring i 2012 på budsjettet for overgangsstønad på om lag 28 millionar kroner, ein auke på stønad til barnetilsyn på 9 millionar kroner samt ein auke på utdanningsstønad på om lag 1 million kroner. Dei økonomiske konsekvensane er innarbeida i Prop. 1 S (2011–2012) Statsbudsjettet. Endringa vil gjelde alle mottakarar frå og med 2015, og gir ei anslått innsparring i overgangsstønad på om lag 143 millionar kroner, ein auke på om lag 44 millionar kroner til stønad til barnetilsyn, samt ein auke på om lag 7,5 millionar kroner til utdanningsstønad. Endringa kan føre med seg noko auka administrative kostnader for Arbeids- og velferdsetaten.

3 Auking av arbeidsgivarperioden frå 5 til 10 dagar ved minst 40 prosent permittering – lov om lønnsplikt under permittering § 3 –

3.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår å auke arbeidsgivarar sin lønnspliktperiode under permittering frå 5 til 10 dagar for permitterte som har fått redusert arbeidstida si med minst 40 prosent.

Under ei permittering blir arbeidstakaren førebels løyst frå arbeidsplikta samtidig som arbeidsgivaren blir løyst frå lønnsplikta. Arbeidsavtala er likevel oppretthaldt i permitteringstida. Den permitterte har rett og plikt til å ta opp att arbeidet når permitteringstida er over. I periodar med førebels innskrenkingar i drifta kan det for begge parter vere ei hensiktsmessig løysning at arbeidstakarane blir permitterte i staden for å bli oppsagte. Vilkår for å permittere er ikkje regulerte i lov, men er i mange tilfelle avtalefesta mellom partane i arbeidslivet. Tariffavtalene regulerer som regel også varsling og gjennomføring av permitteringa. Staten har ved folketrygdlova kapittel 4 om dagpengar under arbeidsløyse og lov om lønnsplikt under permittering (permitteringslønnslova) teke ansvar for ein del av dei økonomiske konsekvensane av permittering.

I den første tida av permitteringa har arbeidsgivaren framleis plikt til å betale lønn til dei permitterte. Lønnsplikta er arbeidsgivarens del av kostnadene i samband med permitteringar. Arbeidsgivars lønnspliktperiode, også kalla arbeidsgivarperioden, er regulert i permitteringslønnslova § 3 nr. 1 første ledd a og b. Arbeidsgivarperioden har sidan 1. april 2009 vore sett til 5 dagar ved minst 40 prosent arbeidstidsreduksjon, og 15 dagar ved mindre enn 40 prosent arbeidstidsreduksjon. Etter arbeidsgivarperioden kan dei permitterte ha rett til dagpengar dersom vilkåra for dette elles er oppfylte. Etter permitteringsperioden trer lønnsplikt til arbeidsgivaren inn att.

3.2 Departementet si vurdering og forslag

Permitteringsregelverket har som konsekvens at staten overtek deler av verksemdene sine lønnsplikt ved å utbetale dagpengar for ein periode. Regelverket har vore gjenstand for hyppige endringar mellom anna som følgje av endringar i konjunkturane. Dagpengeordninga sikrar dei som mister arbeidsinntekta som følgje av arbeidsløyse, eit rimeleg inntektsnivå. For å gjere det lettare for arbeidsgivarar å halde på kvalifisert arbeidskraft i ein periode med låg aktivitet og nedgangskonjunktur, blei dagpenge- og permitteringsregelverket utvida på fleire områder i løpet av 1. halvår 2009. Endringane i 2009 blei vedtekne som følgje av den sterke aukinga i talet på permitterte fram mot sommaren 2009 og utsiktene til aukande arbeidsløyse. Etter sommaren 2009 minka veksten i talet på permitterte att, og sidan april 2010 og fram til no har det vore ein nedgang i talet på permitterte. Ved utgangen av september 2011 var det registrert om lag 5 570 permitterte. Dette er ein nedgang på meir enn 34 prosent samanlikna med same månad i 2010. Situasjonen i dei næringane som har hatt flest permitterte, bygg og anlegg og industri, har betra seg sidan 2010. Syssetjinga har teke seg opp og arbeidsløysa har blitt redusert. På denne bakgrunnen er det ikkje naudsynt å vidareføre dei særskilt gunstige ordningane i samband med permitteringar. Dei endringane som blei sette i verk i samband med finanskrisa i 2009, kan derfor opphevast med verknað frå og med 1. januar 2012. Endringa skal gjelde for nye permitteringar.

Departementet viser til § 3 nr. 1 første ledd bokstav a i lovforslaget.

Departementet vil samtidig gjere forskriftsendringar om at lønnsplikta til arbeidsgivarar trer inn att etter 30 veker med permittering og om at retten til dagpengar under permittering blir redusert frå 52 til 30 veker. Vidare vil kravet til tap av arbeidstid for rett til dagpengar under permitte-

ring bli sett til 50 prosent, som er hovudregelen etter folketrygdlova § 4-3. Endringane i forskrifta skal også gjelde for nye permitteringar.

3.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2012. Det er lagt til grunn at endringa i talet

på dagar med lønnsplikt for arbeidsgivarar vil føre til ei innsparing på dagpengebudsjettet på om lag 50 millionar kroner i 2012. Dei økonomiske konsekvensane er innarbeida i Prop. 1 S (2011–2012) Statsbudsjettet. Endringa vil ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

4 Ny føresegn i arbeidsmiljølova om offentlig godkjenningsordning i reinhaldsbransjen

4.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår ei ny føresegn i lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) som gir departementet heimel til å gi forskrift om offentlig godkjenningsordning i reinhaldsbransjen.

I mars 2010 sende Arbeidsdepartementet eit forslag til forskrift om id-kort i reinhaldsbransjen på høyring. I følgje forslaget skulle forskrifta fastsetjast med heimel i arbeidsmiljølova § 4-1 sjuande ledd. Høyringsinnspela viste at mange av aktørane i reinhaldsbransjen meiner at ei ordning med id-kort ikkje vil vere eit godt nok verkemiddel for å motverke den negative trenden med useriøsitet, manglande oppfylling av HMS-krav, ulovlege lønns- og arbeidstilhøve og uheldige konkurranse-tilhøve i denne bransjen.

På bakgrunn av dei store utfordringane i reinhaldsbransjen har styresmaktene i samarbeid med partane i arbeidslivet, etablert eit treparts bransjesamarbeid i reinhaldsbransjen. Dette er ei langsiktig satsing, der målsetjinga er ei varig betring av arbeidstilhøva i bransjen. Innanfor dette bransjeprogrammet har departementet, saman med partane og andre departement som saka vedkjem, utarbeidd eit nytt forslag som inneber ei offentlig godkjenningsordning, inkludert ei ordning med id-kort, for reinhaldsverksemdar. Ei slik ordning vil bidra til større oversikt over verksemdene, både for styresmaktene og for dei som skal bruke reinhaldstenester, og bidra til at grunnleggjande krav til helse, miljø og sikkerheit vert etterlevd. Departementet viser elles til høyringsbrev 7. juli 2011 om innføring av offentlig godkjenningsordning i reinhaldsbransjen. Her går det fram at departementet foreslår at vilkåra for godkjenning og den nærare reguleringa av ordninga blir fastsett i ei eiga forskrift med heimel i arbeidsmiljølova kapittel 4. Det blir vidare vist til at det vil vere naudsynt å gjere endringar i arbeidsmiljølova kapittel 4 for å sikre naudsynt heimel for forskrifta. Høyringsbrevet gjer dessutan greie for bakgrunnen for og føremålet med forslaget, dei

EØS-rettslege spørsmåla knytta til forslaget og det nærare innhaldet i ordninga, i tillegg til forslag til eigen forskrift. Høyringa blei avslutta 7. oktober 2011.

Høyringsinstansane sitt syn på forslaget til forskrift

Justisdepartement seier i sitt høyringssvar at dei går ut frå at eit eventuelt lovforslag vil innehalde ei grundig utgreiing om formålet med ordninga og kravet til proporsjonalitet. Denne merknaden ser ut til å vere knytt til dei EØS-rettslege spørsmåla forslaget reiser. Utover dette har ikkje høyringsinstansane hatt merknader til spørsmålet om lovheimel for forskrifta. Når det gjeld høyringsinnspela til innhaldet i forskriftsforslaget elles, er hovudinntrykket at forslaget om ei offentlig godkjenningsordning slik ho er skissert har stor tilslutnad frå høyringsinstansane.

4.2 Departementet si vurdering og forslag

Forslaget til forskrift gjer det naudsynt å utvide heimelen i arbeidsmiljølova § 4-1 til også å gjelde forskrift om godkjenningsordning, og departementet foreslår difor å ta inn ei ny føresegn om dette i arbeidsmiljølova § 4-1 (nytt åttande ledd). Departementet legg til grunn at id-korta i den nye ordninga allereie har naudsynt heimel i arbeidsmiljølova § 4-1 sjuande ledd.

Etter forslaget til forskrift skal godkjenningsordninga gjelde reinhaldsverksemdar. Det vil også seie verksemdar som ikkje sysselset arbeidstakarar. Departementet legg til grunn at det allereie finst naudsynt heimel til å gi forskrifta eit slikt verkeområde i arbeidsmiljølova § 1-4 første ledd.

Godkjenningsordninga byggjer på tre hovudelement: førehandsvurdering av alle verksemdar, etterfølgjande tilsyn og vilkår for tenestekjøp frå reinhaldsverksemdar.

Førehandsvurderinga er knytt til om verksemda har oppfylt allereie lovbestemte plikter til å

vere registrert i visse offentlege register, og til å leggje fram dokumentasjon på tilhøva i verksemda innanfor arbeidsmiljølovgevinga og utlendingslovgevinga. Verksemdar som etter dette får godkjenning, får også id-kort til sine tilsette. Samstundes blir verksemda registrert i eit offentleg tilgjengeleg register.

Det andre elementet i ordninga er etterfølgjande tilsyn, og det skal først tilsyn både med at verksemdene har naudsynt godkjenning, og med at verksemdar som har fått godkjenning, i realiteten oppfyller vilkåra for å vere godkjend. Det siste heng særleg saman med at godkjenninga ikkje skal vere tidsavgrensa. Det er lagt opp til at Arbeidstilsynet skal føre tilsyn med ordninga, og nytte sine ordinære sanksjonsmiddel.

For å sikre at godkjenningsordninga blir tilstrekkeleg effektiv, foreslår departementet også at det ikkje skal vere lov å nytte tenester frå verksemdar som ikkje har godkjenning. Departementet meiner at eit slikt vilkår må gå direkte fram av lova. Ved å innføre eit offentleg tilgjengeleg register vil det bli enkelt for brukarar av tenestene å skaffe seg kunnskap om kva verksemdar som er godkjende. Å knytte rettsverknader til bruk av reinhaldsverksemdar som ikkje er godkjende vil difor ikkje vere urimeleg byrdefullt. Departementet foreslår at Arbeidstilsynet skal føre tilsyn med forbodet mot å nytte reinhaldstenester frå verksemdar som ikkje er godkjende, og at Arbeidstilsynet skal nytte sine ordinære sanksjonsmiddel, jf. arbeidsmiljølova kapittel 18. Ein tenestekjøpar vil kunne få pålegg om å nytte ei godkjend verksemd, og pålegget kan følgjast opp med tvangsmulkt og eventuell stansing. Departementet presiserer her at Arbeidstilsynet ikkje har tilsynskompetanse i høve til tenestekjøparar i forbrukarmarknaden, og at sanksjonane til Arbeidstilsynet difor berre kan rette seg mot næringsdrivande tenestekjøparar i denne samanhengen. Lovforslaget inneber også at brot på plikta til å vere godkjend, og brot på forbodet mot å nytte tenester frå verksemdar som ikkje er godkjend skal vere straffbart i samsvar med arbeidsmiljølova kapittel 19. Heller ikkje straffeansvaret gjeld for forbrukarar, jf. arbeidsmiljølova § 19-1.

Tilhøvet til EØS-retten

I tilfelle der utanlandske reinhaldsverksemdar ynskjer å mellombels tilby tenester eller å etablere seg i Noreg, kan godkjenningsordninga utgjere ein restriksjon på retten til fri rørsle av tenester, og retten til etablering som følgjer av EØS-avtalen. Arbeidsdepartementet har vurdert

forslaget om godkjenningsordning både i høve til tenestereglane og i høve til etableringsreglane i EØS-retten. Departementet er klar over at det på nokre punkt i vurderinga kan vere usikkert om ordninga er i samsvar med EØS-retten, men meiner likevel at det kan først tilstrekkeleg gode argument for at ordninga ligg innanfor EØS-retten.

Tilhøvet til tenestereglane – utsendingsdirektivet

Arbeidsdepartementet meiner at godkjenningsordninga er i samsvar med utsendingsdirektivet² og EØS-avtalen artikkel 36. Utsendingsdirektivet er gjennomført i norsk rett i arbeidsmiljølova § 1-7 med tilhøyrande forskrifter. Etter desse reglane skal landa sjå til at utsende arbeidstakarar blir sikra dei lønns- og arbeidstilhøva som gjeld i vertslandet på nærare angitt områder, irekna helse, miljø og hygiene på arbeidsplassen, jf. artikkel 3 i direktivet. Vidare har landa rett og plikt til å fastsette tiltak som er eigna til å sikre at direktivet blir etterlevd. For at godkjenningsordninga skal vurderast som lovleg etter utsendingsdirektivet, er det altså eit grunnkrav at ordninga kan reknast som ei prosedyre som sikrar at reglane i direktivet artikkel 3 nr. 1 blir etterlevd.

Det er eit hovudføremål med ordninga å betre helse- miljø- og sikkerheitstilhøva i reinhaldsbransjen, og krav til helse, miljø og sikkerheit er omfatta av kjernen av vilkår i direktivet artikkel 3 nr. 1 som vertslandet har plikt til gjere gjeldande også i høve til utsende arbeidstakarar. Godkjenningsordninga vil også få verknad for gjennomføringa av allmenngjeringsforskrifta for reinhaldsbransjen som nyleg er fastsett. Denne forskrifta har føresegner om lønns- og arbeidstilhøve som også skal gjelde for utsende arbeidstakarar. Slike føresegner er også omfatta av kjernevilkåra i utsendingsdirektivet. Det er såleis klart at godkjenningsordninga vil sikre at vilkår etter utsendingsdirektivet artikkel 3 vert etterlevd.

Etter artikkel 5 har landa rett og plikt til å sjå til at arbeidstakarane rår over ordningar som er eigna til å sikre rettane deira etter utsendingsdirektivet. EU-domstolen har slått fast at landa har stor fridom til å fastsetje slike tiltak, så lenge dei er i samsvar med reguleringane i EU-retten om fri rørsle av tenester. Dette betyr at dersom eit slikt tiltak blir rekna som ein restriksjon på retten til å yte tenester over landegrensene, må tiltaket vere grunnleggjande i allmenne omsyn, ikkje vere diskrimi-

² Rådsdirektiv 96/71 EF om utsending av arbeidstakere i forbindelse med tjenesteyting

nerande, vere eigna og vere naudsynt for å oppfylle føremålet med tiltaket.

Godkjenningsordninga vil tene fleire føremål, slik som betring av HMS-tilstanden og motverke sosial dumping, useriøsitet og svart arbeid. Dette er lovlege allmenne omsyn etter EU-retten. Ordninga er utforma slik at den ikkje vil vere korkje direkte eller indirekte diskriminerande.

Arbeidsdepartementet meiner at tilhøva i reinhaldsbransjen gjer det naudsynt å stille krav om ei førehandsvurdering av aktørane i bransjen. Eit særskilt tilhøve som blir framheva er at reinhaldsbransjen av fleire grunnar er særleg vanskeleg å få oversikt over og føre tilsyn med. Ei ordning med førehandsgodkjenning som mellom anna tvingar fram at verksemdene må registrere seg i offentlege register og dokumentere viktige krav knytt til HMS, er godt eigna til å avhjelpe dette. Bransjen vil bli meir open og gjennomsiktig, og samla sett vil det på denne måten bli enklare å føre effektivt tilsyn med at lovgjevinga som gjeld på området blir etterlevd. Tilsyn i etterhand vil ikkje vere eit tilstrekkeleg verkemiddel åleine i denne bransjen, fordi man då ikkje vil ha god nok oversikt over aktørane ein skal føre tilsyn med. På sikt vil førehandsgodkjenninga bidra til å betre både HMS-standard og lønns- og arbeidstilhøva for dei einskilde arbeidstakarane. Det offentleg tilgjengelege registeret over godkjende verksemdar vil gjere det enkelt for brukarar av reinhaldstenester å velje seriøse verksemdar. Marknaden for dei useriøse og kriminelle verksemdene vil difor bli vesentleg mindre.

På dette grunnlaget meiner departementet at godkjenningsordninga er eigna til å oppfylle føremålet med å sikre at dei reglane som er fastsett med grunnlag i utsendingsdirektivet bli etterlevd. Departementet meiner at tiltaket er føremålsteneleg, og ikkje meir restriktivt og inngripande enn naudsynt. Vi syner til at det er lagt opp til at ordninga i minst mogleg grad skal føre til nokon ekstra byrde for verksemdene. Dei krava verksemdene må oppfylle betyr ingen nye plikter, men berre at det skal kontrollerast på førehand om allereie lovpålagde plikter er oppfylt. Ordninga vil heller ikkje føre til noko driftsforbod i samband med sakshandsaminga. Det betyr at verksemdene kan starte opp eller halde fram med drifta medan søknaden om godkjenning vert handsama.

Tilhøvet til tenestereglane - tjenestedirektivet

Godkjenningsordninga vil gjelde for fleire tenesteytarar enn dei som fell inn under utsendingsdirektivet. Til dømes vil sjølvstendige oppdragstakarar

falle utanfor direktivet. Ordninga er derfor også vurdert i høve til tenestedirektivet³, som er gjennomført i norsk rett i tenestelova.

Den relevante føresegna i tenestedirektivet er artikkel 16 som oppstiller ein relativt avgrensa rett for landa til å fastsetje restriksjonar på retten til å yte mellombelse tenester. Dette gjeld særleg tiltak som ordningar med løyver og førehandskontroll.

Vurderinga er likevel langt på veg den same som er gjort for utsendingsdirektivet over. Ein viktig skilnad er kva omsyn det er lov å grunngjeve godkjenningsordninga med. Tenestedirektivet krev at ordninga kan grunngjevast med omsynet til offentleg orden og sikkerheit. Ein reknar med at dette er eit noko strengare kriterium enn tvingande allmenne omsyn. På bakgrunn av at ordninga i tillegg til HMS-omsyn også skal sikre meir overordna omsyn slik som vern av arbeidstakarar, og kampen mot useriøsitet og ulovlege tilhøve, medrekna sosial dumping, svart arbeid og andre lovbrøt, meiner departementet at ordninga også kan grunngjevast med omsynet til offentleg orden og sikkerheit. Når det gjelde kravet om at ordninga må vere eigna og naudsynt for å oppnå føremålet, samt kravet om ikkje-diskriminering, syner departementet til drøftinga av dette knytt til utsendingsdirektivet over.

Tilhøvet til etableringsreglane – tenestedirektivet

Forslaget om godkjenningsordning vil som nemnd gjelde også for dei som skal etablere verksemd i Noreg, og den kan difor utgjere ein restriksjon på etableringsretten. Retten til å fastsetje slike reglar fylgjer av tenestedirektivet kapittel 9 – 15. Desse reglane byggjer i stor grad på same vurderingstema som tenestereglane. På nokre sentrale punkt gir likevel etableringsreglane eit noko større handlerom for landa til å fastsetje tiltak. Departementet syner til drøftinga over knytt til tenestereglane og legg på bakgrunn av denne til grunn at godkjenningsordninga ikkje er i strid med etableringsreglane i tenestedirektivet og EØS-avtalen artikkel 33.

4.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Forslaget vil få økonomiske og administrative konsekvensar for staten knytt til etablering og

³ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/123/EF om tjenester i det indre marked

drift av godkjenningssordninga, og til styrka tilsynsinnsats. Det er sett av 10 millionar kroner til treparts bransjeprogram i reinhaldsbransjen på statsbudsjettet for 2011 som mellom anna skal nyttast til etablering av godkjenningssordninga. For 2012 er det foreslått å løyve 20 millionar kroner til etablering og drift av godkjenningssordninga, og auka tilsyn med reinhaldsbransjen.

Forslaget vil også føre til økonomiske konsekvensar for reinhaldsverksemdar i form av kostnader med å få utferda id-kort, og til visse administrative konsekvensar knytt til å gjennomføre ein søknadsprosess med plikt til å leggje fram dokumentasjon.

5 Kravet om minsteinntekt for rett til dagpengar under arbeidsløyse – verknadstidspunktet for nytt grunnbeløp – forskriftsheimel – folketrygdlova § 4-4

5.1 Innleiing og bakgrunn

Folketrygdlova § 1-4 blei endra med verknad frå 1. januar 2011, slik at det no er Kongen i statsråd som fastset grunnbeløpet i folketrygdlova. Tidlegare blei grunnbeløpet fastsett av Stortinget.

Folketrygdlova § 4-4 gjeld kravet om minsteinntekt for rett til dagpengar under arbeidsløyse. For å kunne få dagpengar, må ein ha hatt ei inntekt det sist avslutta kalenderåret på minst 1,5 gongar grunnbeløpet, eller på minst tre gongar grunnbeløpet dei siste tre avslutta kalenderåra. Etter § 4-4 femte ledd heiter det at endringa i kravet til minsteinntekt som følgje av grunnbeløpsendringa, først gjeld frå og med den andre påfølgjande måndagen "etter at Stortinget har gjort vedtak". Sidan det no er Kongen i statsråd som gjer vedtak om nytt grunnbeløp, må folketrygdlova § 4-4 femte ledd endrast i samsvar med dette.

5.2 Departementet si vurdering og forslag

Når det no er Kongen i statsråd som formelt vedtek nytt grunnbeløp, vil det ofte vere kort tid frå forslaget til nytt grunnbeløp blir kjend til det får verknad, som no er "den andre påfølgjande mandagen" etter det formelle vedtaket. Tidlegare blei forslaget kjend idet det blei fremja ein proposisjon for Stortinget, og Arbeids- og velferdsetaten hadde då noko lengre tid til å førebu iverksetjinga før det formelle vedtaket blei gjort av Stortinget, enn no.

For å leggje til rette for at Arbeids- og velferdsetaten har tilstrekkeleg tid til å førebu iverk-

setjinga, bør tidspunktet for iverksetjinga vere noko seinare enn den andre påfølgjande måndagen etter vedtaket. Også for dei som søker om dagpengar, er det ein fordel at iverksetjinga ikkje blir sett for tidleg. Datoen for vedtaket om nytt grunnbeløp vil kunne variere noko frå år til år. Departementet meiner det vil vere praktisk at også tidspunktet for iverksetjinga blir fastsett ved Kongeleg resolusjon, anten på same tid som vedtaket om nytt grunnbeløp, eller i ein eigen resolusjon.

I Prop. 114 L (2010–2011) Endringer i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma) er det fremja forslag om å endre ordlyden i folketrygdlova § 4-4 femte ledd med verknad frå 1. januar 2012. Forslaget er førebels ikkje handsama i Stortinget. Departementet gjer merksemd på at forslaget i proposisjonen her (Prop. 7 L (2011–2012) Endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover) er meint å endre på den endringa som blir vedteke gjennom handsaminga av Prop. 114 L (2010–2011).

Departementet viser til § 4-4 femte ledd i lovforslaget.

5.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft frå 1. januar 2012. Den foreslåtte endringa vil ikkje ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

6 Endring av den nedre aldersgrensa for rett til sjukepengar – tilpassing til endringar i pensjonsreforma – folketrygdlova § 8-3

6.1 Innleiing og bakgrunn

Etter folketrygdlova § 8-3 første ledd første punktum er det eit vilkår for rett til sjukepengar at ein tapar pensjonsgivande inntekt som følgje av at ein er arbeidsufør på grunn av sjukdom eller skade. Fram til 2010 var den nedre aldersgrensa for opptening av pensjonsgivande inntekt 17 år. For at personar under 17 år med inntekt skulle vere sikra ytingar til livsopphald ved sjukdom, blir det likevel gitt sjukepengar etter § 8-3 første ledd andre punktum til personar som er for unge til å få fastsett pensjonsgivande inntekt.

Som ledd i pensjonsreforma, der alle år med inntekt skal telle med ved utrekning av alderspensjon, blei det vurdert om det i det heile var naudsynt med ei nedre aldersgrense for opptening av pensjon. I vurderinga i Ot.prop. 37 (2008–2009) kva ei eventuell nedre aldersgrense skulle vere, viste departementet mellom anna til at arbeidsmiljølova tillet born som har fylt 13 år å ha lettare arbeid. Vidare blei det påpekt at det er lite aktuelt med personinntekt før denne alderen. Stortinget slutta seg til denne vurderinga, og den nedre aldersgrensa for pensjonsgivande inntekt blei senka frå 17 til 13 år.

6.2 Departementet si vurdering og forslag

Som følgje av det ovannemnde, er det eit spørsmål om det framleis er naudsynt med ei særregel for rett til sjukepengar for dei som er for unge til å ha pensjonsgivande inntekt, det vil seie under 13 år.

Departementet meiner at aldersgrensa i arbeidsmiljølova må vere utgangspunktet for rett til sjukepengar, og at det ikkje lenger er naudsynt med ein regel om at ein kan få sjukepengar sjølv om ein er for ung til å ha pensjonsgivande inntekt. Rett nok har barn under 13 år lov til å utføre kulturelt og liknande arbeid, jf. arbeidsmiljølova § 11-1 første ledd bokstav a, til dømes teater eller TV-produksjonar. At det ikkje vil bli gitt sjukepengar til dei under 13 år, vil ikkje vere til hinder for at ein i slike spesialtilfelle i kontrakten gjer avtale om eventuell kompensasjon ved sjukdom.

Departementet viser til § 8-3 første ledd i lovforslaget.

6.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft frå 1. januar 2012. Endringa har ikkje nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

7 Lovtekniske justeringar, presiseringar og opprettingar

7.1 Rett til omsorgspengar og pleiepengar fram til fylde 70 år – folketrygdlova § 9-3

For å få rett til omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar, er det eit vilkår at ein har tapt pensjonsgivande inntekt, jf. folketrygdlova § 9-3. Desse stønadene blir utrekna etter dei same reglane som sjukepengar, sjå §§ 9-9 og 9-16.

Fram til 2010 kunne ein tene opp pensjonsgivande inntekt til og med det året ein fylte 69 år, og det blei ikkje gitt sjukepengar til personar over 70 år. Då den øvre alderen for pensjonsgivande inntekt blei heva til 75 år frå 2010, blei den øvre aldersgrensa på 70 år for rett til sjukepengar ikkje endra, sjå Prop. 16 L (2010–2011). Det blei presisert i § 8-3 at det ikkje blir ytt sjukepengar til personar som har fylt 70 år.

Det går ikkje klart fram av tilvisinga frå kapittel 9 til kapittel 8 at regelen i § 8-3 om avgrensinga til 70 år dermed også gjeld omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar. Departementet foreslår at ein gjer det klart i folketrygdlova § 9-3 første ledd at ein kan få stønader ved barns og andre nære pårørandes sjukdom etter kapittel 9 i folketrygdlova fram til fylde 70 år. Presiseringa endrar ikkje rettstilstanden.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.2 Rett til stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet for personar som mottok alderspensjon – folketrygdlova § 10-5, jf. § 10-4

Personar som har fått arbeidsevna varig sett ned, eller har fått sine moglegheiter til å vel yrke eller arbeidsplass vesentleg innskrenka på grunn av sjukdom, skade eller lyte, kan få stønad etter folketrygdlova § 10-5. Det blir gitt stønad til tiltak som er naudsynte og hensiktsmessige for at vedkommande skal kunne behalde eller skaffe seg

høveleg arbeid. Kva slags tiltak det kan bli gitt stønad til, går fram av § 10-7. Til dømes kan ein få stønad i form av utlån av, tilskott til eller lån til hjelpemiddel, høyreapparat og førarhund.

Formålet med føresegna er mellom anna å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet og ha dei same moglegheitene til personleg utvikling som andre. Stønden skal hindre at ein blir støtt ut av arbeidslivet og skape eit meir inkluderande arbeidsliv, samt gi menneske med nedsett funksjon moglegheit til å stå i arbeid.

Det går fram av § 10-5 fjerde ledd at det ikkje blir gitt stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet til ein som mottok alderspensjon. Det same gjeld uførepensjon og avtalefesta pensjon (med unntak av ny avtalefesta pensjon i privat sektor).

Frå 1. januar 2011 er det innført fleksibelt uttak av heil eller delvis alderspensjon mellom 62 og 75 år. Uttaksreglane er nøytralt utforma ved at den årlege pensjonen blir lågare desto tidlegare pensjonen blir teken ut, og alderspensjonen kan derfor fritt kombinerast med inntekt utan at han blir avkorta.

Etter gjeldande reglar har personar som tek ut alderspensjon ikkje lenger rett til stønad til tiltak som er naudsynte for at dei skal kunne halde fram å arbeide. Det inneber at personar som treng slik stønad er avskåra frå å kombinere arbeid og alderspensjon slik som andre – dei må anten arbeide eller vere alderspensjonist.

Det har ikkje vore tilsikta at denne gruppa skulle bli avskåra frå å kunne nytte seg av fleksibelt uttak av alderspensjon. Departementet foreslår derfor at det kan ystast stønad til tiltak som er naudsynte for å kunne arbeide også til personar som mottok alderspensjon. Departementet foreslår likevel at det skal vere eit krav for å få slik stønad at ein har søkt før fylde 67 år. Stønad etter § 10-7 bokstavane e til g skal ein kunne motteke fram til fylde 70 år. Paragraf 10-4 har i dag reglar om øvre aldersgrense for rett til stønad til bil i dagleglivet. Departementet foreslår at desse føresegna blir tekne inn i § 10-4.

Departementet viser til §§ 10-4 og 10-5 i lovfor-
slaget.

Departementet foreslår at forslaget trer i kraft
1. januar 2012. Forslaget vil isolert sett kunne gi
ein liten meirutgift for folketrygda. På den andre
sidan legg forslaget til rette å kunne stå lenger i
arbeid og auka skatteinntekter. Samla sett vil for-
slaget ikkje ha nemneverdige økonomiske eller
administrative kostnader

7.3 Flytting av regelen om verknadstidspunkt for arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova § 11-13

Folketrygdlova § 11-13 fjerde ledd seier at
arbeidsavklaringspengar tidligast kan bli gitt frå
det tidspunkt då kravet om ytinga blei sett fram
(verknadstidspunkt). Då denne regelen blei fore-
slått og vedteke i samband med innføringa av
arbeidsavklaringspengar (lov 19. desember 2008
nr. 106), blei det ikkje samtidig sett inn ein tilsva-
rande regel i kapittel 22 som omhandlar dei gene-
relle reglar for utbetaling av ytingar og fristar for
når krav må setjast fram. Det er såleis slik at hei-
mel for verknadstidspunkt for arbeidsavklarings-
pengar står i kapittel 11, mens verknadstidspunkt
for andre ytingar etter folketrygdlova er regulert i
§ 22-13. Departementet meiner at det er mest ryd-
dig at også regelen om verknadstidspunkt for
arbeidsavklaringspengar står i kapittel 22. Depar-
tementet foreslår derfor at noverande § 11-13
fjerde ledd blir oppheva og flytta til § 22-13 fjerde
ledd som ny bokstav d.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft
straks. Endringa har ikkje økonomiske eller admi-
nistrative konsekvensar.

7.4 Studentars rett til arbeidsavklaringspengar – Innsetjing av lovheimel på ny i folketrygdlova § 11-13

Etter folketrygdlova § 11-5 er det eit vilkår for å få
arbeidsavklaringspengar at medlemmen pga.
sjukdom, skade eller lyte har fått sett ned arbeids-
evna. Arbeidsevna skal som hovudregel vurderast
i forhold til mogelegheitene for å utføre alle typar
arbeid. Studentregelen gjer unntak frå kravet om
at ein skal vurderast i forhold til alle typar arbeid i
tilfelle der det er klart at ein person som er i gang
med høgare utdanning etter ein periode med aktiv

behandling vil kunne ta opp igjen studiane. Det
inneber at Arbeids- og velferdsetaten i slike tilfelle
ikkje skal vurdere om andre tiltak ville kunne få
personen fortare i arbeid.

I Prop. 16 L (2010–2011) var lovteksten ved ein
feil formulert slik at den delen som handla om stu-
dentars rett til arbeidsavklaringspengar falt ut då
lovendringa tok til å gjelde. Regelen blei likevel
opprethaldt ved at han blei teke inn i § 11a i for-
skrift 10. februar 2011 nr. 152 om arbeidsavkla-
ringspengar. Departementet foreslår at denne
regelen blir teken inn igjen i folketrygdlova §11-13
som nytt fjerde ledd.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft
straks. Endringa har ikkje økonomiske eller admi-
nistrative konsekvensar.

7.5 Oppretting i folketrygdlova § 12-5

Departementet foreslår at omgrepet "attføring" i
folketrygdlova § 12-5 blir erstatta med "arbeidsret-
tet tiltak". Etter at attføringspengar blei erstatta av
arbeidsavklaringspengar, som blir gitt til personar
som får aktiv behandling, deltar på arbeidsretta til-
tak eller får annan arbeidsretta oppfølging frå
Arbeids- og velferdsetaten, er det ikkje lenger for-
målstenleg å bruke omgrepet "attføring" i folke-
trygdlova. Då det nye regelverket for arbeidsav-
klaringspengar tok til å gjelde 1. mars 2010, blei
"attføring" derfor ei rekkje stader i lovverket
erstatta med "arbeidsrettede tiltak". Departemen-
tet foreslår at dette også blir gjort i folketrygdlova
§ 12-5. Opprettinga endrar ikkje rettstilstanden.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft
straks. Endringa har ikkje økonomiske eller admi-
nistrative konsekvensar.

7.6 Berekning av uførepensjon for pensjonistar omfatta av unntaksreglane frå kravet om føregåande medlemstid i folketrygdlova § 12-2 fjerde ledd – Innsetjing av lovheimel på ny i § 12-13

For rett til uførepensjon er hovudregelen at ein
må ha vore medlem av trygda i minst tre år fram
til uføretidspunktet, jf. folketrygdlova § 12-2 første
ledd. Det er eit unntak frå kravet om tre års føre-
gåande medlemstid i § 12-2 fjerde ledd for per-
sonar som var medlem av trygda på uføretids-

punktet og som har ei viss knytning til folketrygda (tidlegare pensjonsopptening). For desse pensjonistane blei uførepensjon tidlegare rekna ut etter § 12-13 nr. 2 sjette ledd første punktum, og slik at uførepensjon blei berekna på grunnlag av trygdetid til og med kalendermånaden før uføretidspunktet og poengår til og med kalenderåret før nemnde tidspunkt. Denne berekningsregelen i § 12-13 nr. 2 sjette ledd første punktum blei ved ein feil oppheva i samband med oppheving av tidsavgrensa uførepensjon og innføring av arbeidsavklaringspengar. Ein manglar såleis no lovheimel for berekning av uførepensjon til personar med rett til slik pensjon etter § 12-2 fjerde ledd. Departementet foreslår at berekningsregelen blir teken inn i folketrygdlova igjen som nytt sjuande ledd i § 12-13.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.7 Oppheving av regelen om førebels uførepensjon – folketrygdlova § 12-16

Når ein person har sett fram krav om uførepensjon og det er sannsynleg at han eller ho vil få innvilga pensjon, kan Arbeids- og velferdsetaten yte ein førebels uførepensjon i ventetida, jf. folketrygdlova § 12-16. Førebels uførepensjon kan ikkje ytast dersom vedkommande kan få dekt utgiftene til livsopphald ved hjelp av andre inntekter. Ordninga med førebels uførepensjon blei utforma for å hindre at personar skulle gå utan ytingar til livsopphald i ein periode medan etaten behandla uføresøknaden.

Arbeidsavklaringspengar er ein yting som skal dekkje utgifter til livsopphald. Etter folketrygdlova § 11-13 andre ledd bokstav c kan ein få rett til arbeidsavklaringspengar i fire månader når medlemmen som følgje av sjukdom skal vurderast for uførepensjon. Denne ventetidsperioden kan forlengast med nye fire månader dersom kravet om uførepensjon ikkje er handsama innan den fastsette vedtaksperioden. Reglane om rett til arbeidsavklaringspengar i ventetidsperioden medan ein blir vurdert for uførepensjon gir såleis rett til livsopphaldsyting, og ordninga med førebels uførepensjon til dekning av livsopphaldsutgifter er dermed overflødig.

Departementet foreslår derfor at regelen om rett til førebels uførepensjon blir oppheva.

Departementet viser til § 12-16 i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2012. Personar som mottok førebels uførepensjon etter § 12-16 når lovendringa trer i kraft, skal likevel kunne ta imot ytinga fram til Arbeids- og velferdsetaten har handsama vedtak om uførepensjon. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

Forslaget inneber at omgrepet "foreløpig uførepensjon" må tas ut visse andre stader i folketrygdlova og i andre lover, sjå lovforslaget og merknadene til dei enkelte paragrafane i lovforslaget i punkt 8.

7.8 Retting av lovtilvising i folketrygdlova § 22-10

Folketrygdlova § 22-10 omhandlar korleis forskjellige ytingar etter folketrygdlova skal utbetalast. Paragraf 22-10 femte ledd reknar opp i fire bokstavpunkt dei ytingar som skal utbetalast som anten eingangsbeløp eller løypande ytingar. Bokstav b omtalar tilleggsstønader, og i parentes viser ein til lovheimelen for tilleggsstønader. Det er vist til § 11-14, men den riktige tilvisinga skal vere § 11-12. Departementet foreslår at tilvisinga blir retta.

Departementet viser til lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.9 Retting av lovtilvising i arbeids- og velferdsforvaltningslova

Då lov av 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen blei vedteke, blei det gjort ei rekkje endringar i anna lovgeving som inneheldt tilvisingar til kapittel 5 og 5A i lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester mv, då desse kapitla blei oppheva i og med iverksetjinga av den nye lova. Lov av 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen §14a blei utegløymt i denne samanhengen. I denne paragrafen blir det tilvist til sosialtenestelova kapittel 5A. Departementet foreslår at dette blir retta opp, slik at det i den nemnde paragrafen blir tilvist til lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 29.

Departementet viser til § 14a i lovforslaget.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

8 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

8.1 Merknader til endringane i folketrygdlova

Til § 3-2 fjerde ledd

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *fjerde ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 3-24 tredje ledd

Tredje ledd bokstav c blir oppheva som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 3-26 tredje ledd

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *tredje ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av regelen om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 4-4 femte ledd

Ei følgje av at grunnbeløpet frå og med 2011 blir fastsett ved kongeleg resolusjon, er at det formelle vedtakstidspunktet no vanlegvis vil komme noko tidlegare enn før. For at Arbeids- og velferdsdirektoratet ikkje skal ha dårlegare tid til å førebu dei justeringane som er naudsynte i samband med det nye grunnbeløpet, blir det foreslått at tidspunktet for iverksetjing av nytt grunnbeløp i samband med minsteinntektskravet i folketrygdlova § 4-4, også blir fastsett av Kongen. Sjå punkt 5.

Til § 8-3 første ledd

Forslaget om å oppheve § 8-3 *første ledd andre punktum* er ein følgje av at aldersgrensa for pensjonsgivande inntekt no er senka frå 17 til 13 år. Det er dermed ikkje lenger naudsynt med denne føreseigna. Sjå punkt 6.

Til § 8-50 første og andre ledd

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *første og andre ledd* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 9-3 første ledd

Det er gjort klart i *første ledd nytt andre punktum* at ytingar etter reglane i kapittel 9 er avgrensa til medlem som er under 70 år. Sjå punkt 7.1.

Til § 10-4

I nytt *første ledd* blir det foreslått ein øvre aldersgrense på 67 år for å setje fram krav om stønad etter § 10-5. Det blir foreslått at stønad etter § 10-7 bokstavane e til g til betring av funksjonsevna i arbeidslivet (§ 10-5) kan ytast til mottakar fyller 70 år. I noverande første ledd, som blir nytt *andre ledd*, blir det presisert at stønad til bil gjeld stønad til betring av funksjonsevna i dagleglivet etter § 10-6 og ikkje stønad etter § 10-5. Sjå punkt 7.2.

Til § 10-5 fjerde ledd

Regelen om at stønad til betring av funksjonsevna i arbeidslivet fell bort når ein mottek alderspensjon, blir i *fjerde ledd første punktum* oppheva som følgje av at alderspensjon no fritt kan kombinerast med arbeidsinntekt utan at pensjonen blir avkorta. Sjå punkt 7.2.

Til § 11-13 fjerde ledd

Heimelen for verknadstidspunkt for arbeidsavklaringspengar i fjerde ledd blir flytta til dei generelle reglane om utbetaling i § 22-13, sjå merknaden til endringa i denne paragrafen. Sjå punkt 7.3.

Regelen om at studentar kan få rett til arbeidsavklaringspengar dersom dei har behov for aktiv behandling for å kunne ta opp att studiane blir lovheimla på nytt som *fjerde ledd*. Sjå punkt 7.4.

Til innhaldsoversikta til kapittel 12

Tiande strekpunktet blir oppheva som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 12-5 andre ledd

”Attføring” blir erstatta med ”arbeidsrettet tiltak”. Sjå punkt 7.5.

Til § 12-13 nytt sjuande ledd

Berekningsreglane for uførepensjon til personar som har fått rett til uførepensjon etter unntaksregla i § 12-2 fjerde ledd blir lovheimla som sjuande ledd i § 12-13. Sjå punkt 7.6.

Til § 12-14 første ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til opphevinga av § 12-16

Regelen om førebels uførestønad blir oppheva som følgje av at regelen er overflødig ettersom ein kan få rett til arbeidsavklaringspengar i ventetid på uførepensjon etter folketrygdlova § 11-13 andre ledd bokstav c. Sjå punkt 7.7.

Til § 15-8 første ledd

For å stimulere einslege forsørgjarar til yrkesretta aktivitet vil departementet styrkje arbeidslinja i overgangsstønaden. Departementet meiner at dette vil setje einslege forsørgjarar betre i stand til å forsørgje seg sjølv og barnet på sikt. Aktivitetskravet i *første ledd* skal derfor gjelde frå det yngste barnet fyller eitt år. Sjå punkt 2.

Til § 15-14

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 16-10 første ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd bokstav b* som følgje av opphevinga av

reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 17-11 første ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd bokstav b* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 18-7 andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *andre ledd* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 19-4

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *tredje punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 19-8 tredje ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *tredje ledd* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 19-17 første ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 20-9 andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *andre ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 22-10

Tredje ledd bokstav b blir oppheva som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Endringa i *fjerde ledd bokstav b* gjeld retting av feil lovtilvising. Sjå punkt 7.8.

Til § 22-12 andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *andre ledd første punktum* som følgje av opphe-

vinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 22-13 fjerde ledd

Endringa inneber at heimelen for verknadstidspunkt for arbeidsavklaringspengar blir flytta frå kapittel 11 til dei generelle reglane om utbetaling i kapittel 22. Dette inneber at regelen i noverande § 11-13 fjerde ledd blir oppheva og i staden føydd til i § 22-13 fjerde ledd som *ny bokstav d*. Sjå punkt 7.3.

8.2 Merknader til endringa i lov om lønnsplikt under permittering

Til § 3

Arbeidsgivarar sin lønnspliktperiode under permittering blir i *nr. 1 første ledd bokstav a* auka frå 5 til 10 dagar for permitterte som har fått redusert arbeidstida si med minst 40 prosent. Aukinga skjer som følgje av at det ikkje lenger er naudsynt å oppretthalde tiltaka som blei vedtekne i samband med finanskrisa i 2009. Sjå punkt 3.

8.3 Merknader til endringa i arbeids- og velferdsforvaltningslova

Til § 14a tredje ledd

Rettinga inneber at paragrafen viser til gjeldande regel om rett til kvalifiseringsprogram, og ikkje til dei reglane om kvalifiseringsprogram som blei oppheva med verknad frå 1. januar 2010. Sjå punkt 7.9.

8.4 Merknader til endringa i arbeidsmiljølova

Til § 4-1 nytt åttande ledd

Føresegna gir heimel for departementet til å fastsetje i forskrift at det skal gjelde eit krav om godkjenning for verksemder som tilbyr reinhaldstenester, dersom omsynet til helse, miljø og sikkerheit talar for det. Føresegna gir også heimel for departementet til å gi nærare reglar om innhaldet i godkjenningsordninga, slik som vilkår for godkjenning, utferding av id-kort og innføring i register over godkjende verksemder, verknadene av å ikkje vere godkjend og verknadene av å ikkje lenger oppfylle vilkåra for å vere godkjend. Vidare inneber føresegna at det vil vere ulovleg å nytte

tenester frå verksemder som er omfatta av eit krav om godkjenning, og som manglar godkjenning. Arbeidstilsynet skal føre tilsyn med dei godkjende verksemdene og med forbodet mot å nytte tenester frå verksemder utan godkjenning, og nytte sine ordinære sanksjonsmiddel. Sjå punkt 4.

8.5 Merknader til lov om krigspensjonering for militærpersoner

Til § 18 nr. 1 tredje og sjette ledd

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *nr. 1 tredje ledd første punktum* og *nr. 1 sjette ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.6 Merknader til lov om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner

Til § 23 nr. 1 tredje ledd og sjette ledd

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *nr. 1 tredje ledd første punktum* og *nr. 1 sjette ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.7 Merknader til lov om pensjonstrygd for sjømenn

Til § 4 nr. 3

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 5 nr. 2

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 16 nr. 1

Omgrepet "foreløpig uførepensjon" blir teke ut av *nr. 1 bokstav e* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 28 nr. 2

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *nr. 2 første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 29 nr. 2

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *nr. 2 første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.8 Merknader til lov om pensjonstrygd for fiskere

Til § 8 andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *andre ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.9 Merknader til lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser

Til § 19 andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *andre ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 20 tredje ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *tredje ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 21 tredje ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.10 Merknader til lov om yrkesskadetrygd

Til § 11 nr. 4 første og andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 12 nr. 3 fjerde ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *nr. 3 fjerde ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 19 nr. 1 tredje ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *nr. 1 tredje ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.11 Merknader til skatteloven

Til § 6-81 første og andre ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd første punktum* og *andre ledd første punktum* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Til § 17-1 første ledd

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *første ledd bokstav a* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.12 Merknader til AFP- tilskottloven

Til § 16

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

8.13 Merknader til lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse

Til § 3

Omgrepet ”foreløpig uførepensjon” blir teke ut av *bokstav e* som følgje av opphevinga av reglane om førebels uførepensjon i § 12-16. Sjå punkt 7.7.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover
(samleproposisjon hausten 2011).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover i
samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal desse endringane gjerast:

§ 3-2 fjerde ledd bokstav a skal lyde:

a) som får *uførepensjon* eller alderspensjon,

§ 3-24 tredje ledd bokstav c skal opphevast.

§ 3-26 tredje ledd bokstav a skal lyde:

a) pensjonsytelser og *overgangsstønad* fra folketrygden

§ 4-4 femte ledd skal lyde:

Når grunnbeløpet blir regulert etter § 1-4, skal endringen i kravet til minsteinntekt først gjelde fra og med det tidspunktet Kongen bestemmer.

§ 8-3 første ledd andre punktum skal opphevast. Tredje og fjerde punktum blir andre og tredje punktum.

§ 8-50 første ledd skal lyde:

Det ytes ikke sykepenger til et medlem som mottar hel *uførepensjon* etter kapittel 12.

§ 8-50 andre ledd skal lyde:

Til et medlem som mottar gradert *uførepensjon* ytes det sykepenger etter bestemmelsene i kapitlet her ut fra den arbeidsinntekt som medlemmet har i tillegg til ytelsen.

§ 9-3 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Det ytes ikke stønad til medlem som er fylt 70 år.

§ 10-4 skal lyde:

§ 10-4. Alder

Det er et vilkår for rett til stønad etter § 10-5 at krav er framsatt før fylte 67 år. Stønad etter § 10-7 bokstavene e til g gitt i medhold av § 10-5 kan ytes fram til vedkommende fyller 70 år.

Stønad til anskaffelse av bil i medhold av § 10-6 gis bare når vilkårene for rett til slik stønad var oppfylt før vedkommende fyllte 70 år.

§ 10-5 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Det ytes ikke stønad etter denne paragrafen til en person som *mottar uførepensjon* eller avtalefestet pensjon som det godskrives pensjonspoeng for, se § 3-19 sjette ledd.

§ 11-13 fjerde ledd skal lyde:

Arbeidsavklaringspenger kan gis til studenter som har behov for aktiv behandling for å kunne gjenoppta studiene.

Tiande strekpunktet i innholdsoversikta til kapittel 12 blir oppheva.

§ 12-5 overskrifta skal lyde:

§ 12-5 Hensiktsmessig behandling og *arbeidsrettede tiltak*

§ 12-5 andre ledd første punktum skal lyde:

Når det skal avgjøres om et *behandlingstiltak* eller et *arbeidsrettet tiltak* er hensiktsmessig, legges det vekt på alder, evner, utdanning, yrkesbakgrunn og arbeidsmuligheter.

§ 12-13 nytt sjuande ledd skal lyde:

Uførepensjon tilstått i medhold av § 12-2 fjerde ledd beregnes på grunnlag av trygdetid til og med kalendermåneden før uføretidspunktet og poengår til og med kalenderåret før nevnte tidspunkt. For øvrig gjelder reglene i første til sjette ledd.

§ 12-14 første ledd bokstav a skal lyde:

a) ektefellen mottar alderspensjon, *uførepensjon* eller avtalefestet pensjon som det godskrives pensjonspoeng for, se § 3-19 sjette ledd, og

§ 12-16 blir oppheva.

§ 15-8 første ledd innleiinga skal lyde:

Når det yngste barnet har fylt *ett* år, er det et vilkår for rett til overgangsstønad etter § 15-6 andre og åttende ledd at den enslige moren eller faren enten

§ 15-14 første punktum skal lyde:

Overgangsstonad etter dette kapitlet faller bort i den utstrekning vedkommende mottar ytelser til livsopphold fra folketrygden i form av pensjon eller overgangsstonad som gjenlevende ektefelle, alderspensjon, *uførepensjon* eller tilsvarende ytelser fra utlandet.

§ 16-10 første ledd bokstav b skal lyde:

b) får rett til *uførepensjon*, eller

§ 17-11 første ledd bokstav b skal lyde:

b) når vedkommende får rett til *uførepensjon*, eller

§ 18-7 andre ledd skal lyde:

Barnepensjonen faller bort i den utstrekning barnet har rett til *uførepensjon*.

§ 19-4 tredje punktum skal lyde:

Det gis ikke alderspensjon til en person som mottar hel *uførepensjon*.

§ 19-8 tredje ledd skal lyde:

Lav sats ytes til den som lever sammen med en ektefelle som mottar *uførepensjon*, alderspensjon eller avtalefestet pensjon som nevnt i § 3-19 sjette ledd.

§ 19-17 første ledd bokstav a skal lyde:

a) ektefellen mottar alderspensjon, *uførepensjon* eller avtalefestet pensjon som det godskrives pensjonspoeng for, se § 3-19 sjette ledd, og

§ 20-9 andre ledd bokstav a skal lyde:

a) som får *uførepensjon* eller alderspensjon, eller

§ 22-10 tredje ledd bokstav b blir oppheva.

§ 22-10 fjerde ledd bokstav b skal lyde:

b) tilleggsstonader (§11-12)

§ 22-12 andre ledd første punktum skal lyde:

Uførepensjon til en person som har rett til sykepengar, utbetales fra og med den måneden retten til sykepengar utløper.

§ 22-13 fjerde ledd ny bokstav d skal lyde:

d) *Arbeidsavklaringspenger* etter kapittel 11 gis tidligst fra det tidspunktet da kravet ble satt fram.

II

I lov 6. mai 1988 nr. 22 om arbeidsgivers lønnsplikt under permittering skal § 3 nr. 1 første ledd bokstav a lyde:

a) 10 arbeidsdager ved hel permittering og ved minst 40 % reduksjon av arbeidstiden,

III

I lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen skal §14a tredje ledd lyde:

Brukere som har fått fastslått at de har et bistandsbehov, har rett til å delta i utarbeidelsen av en konkret plan for hvordan de skal komme i arbeid (aktivitetsplan). Det skal likevel ikke utarbeides aktivitetsplaner for personer som har rett til kvalifiseringsprogram etter lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 29.

IV

I lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. skal § 4-1 nytt åttande ledd lyde:

(8) Når hensynet til helse, miljø og sikkerhet tilsier det, kan departementet i forskrift gi bestemmelser om at virksomheter som tilbyr renholdstjenester må godkjennes av Arbeidstilsynet, og om det nærmere innholdet i en slik godkjenningsordning. Når det stilles krav om slik godkjenning, vil det være ulovlig å benytte tjenester fra virksomheter uten godkjenning.

V

I lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner skal desse endringane gjerast:

§ 18 nr. 1 tredje ledd første punktum skal lyde:

Har invaliden rett til *overgangsstonad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i første ledd på samme måte.

§ 18 nr. 1 sjette ledd første punktum skal lyde:

Dersom det ytes *overgangsstonad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i fjerde ledd på samme måte.

VI

I lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner skal desse endringane gjerast:

§ 23 nr. 1 tredje ledd første punktum skal lyde:

Har invaliden rett *til overgangsstønad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i første ledd på samme måte.

§ 23 nr. 1 sjette ledd første punktum skal lyde:

Dersom det *ytes overgangsstønad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i fjerde ledd på samme måte.

VII

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn skal desse endringane gjerast:

§ 4 nr. 3 skal lyde:

3. Alderspensjon ytes til og med den kalendermåned pensjonisten fyller 67 år, eller til den kalendermåned pensjonisten får *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* etter lov om folketrygd for hel uførhet eller full avtalefestet pensjon som omfattes av lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 1 nr. 1 første ledd bokstav d.

§ 5 nr. 2 skal lyde:

2. For pensjonist som har *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* etter lov om folketrygd for mindre enn hel uførhet eller gradert avtalefestet pensjon som omfattes av lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 1 nr. 1 første ledd bokstav d, bortfaller en forholdsmessig del av alderspensjonen som svarer til uføregraden eller pensjonsgraden.

§ 16 nr. 1 bokstav e skal lyde:

e) på det tidspunkt vilkårene i bokstav a-d er oppfylt, ikke får *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* fra folketrygden for hel uførhet eller full avtalefestet pensjon som omfattes av samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d.

§ 28 nr. 2 første punktum skal lyde:

2. Den som er innvilget eller innvilges alderspensjon etter denne loven og *uførepensjon*

eller arbeidsavklaringspenger fra folketrygden eller avtalefestet pensjon som omfattes av samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d med virkning fra et tidspunkt før 1. januar 2001, har rett til alderspensjon etter bestemmelsene i denne loven som gjaldt før denne datoen, herunder pensjon etter satser som nevnt i nr. 1.

§ 29 nr. 2 første punktum skal lyde:

2. Til en pensjonist som får *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* fra folketrygden, eller avtalefestet pensjon som omfattes av samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d, som er mindre enn det alderspensjon etter denne loven ville utgjøre hvis han ikke hadde hatt slik ytelse fra folketrygden eller avtalefestet pensjon, gis det et overgangstillegg som tilsvarende forskjellen.

VIII

I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere skal § 8 andre ledd første punktum lyde:

Alderspensjon oppheves fra og med kalendermåned etter den måned da pensjonisten fylte 67 år eller fra og med den kalendermåned da pensjonisten får rett til *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* etter loven om folketrygd for hel uførhet eller tar ut full avtalefestet pensjon som nevnt i samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d.

IX

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser skal desse endringane gjerast:

§ 19 andre ledd første punktum skal lyde:

Bestemmelsene i nr. 1 og 3 gjelder tilsvarende for samordning av tjenestepensjon med *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* etter loven om folketrygd.

§ 20 tredje ledd første punktum skal lyde:

Bestemmelsene i første og annet ledd gjelder tilsvarende for samordning av pensjon fra personskadetrygd med *uførepensjon eller arbeidsavklaringspenger* etter loven om folketrygd.

§ 21 tredje ledd skal lyde:

Bestemmelsen i første og annet ledd gjelder tilsvarende for samordning av pensjoner fra tje-

nestepensjonsordning, personskadetrygd og *uførepensjon* eller arbeidsavklaringspenger etter loven om folketrygd.

X

I lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd skal disse endringane gjerast:

§ 11 nr. 4 første ledd skal lyde:

4. Til enslig person som har rett til pensjon etter denne lov eller sykepengar etter bestemmelsene i pkt. 2, annet eller tredje ledd og som er innlagt i institusjon som omfattes av folketrygdloven § 3-27 eller § 3-29, skal det fra og med den andre kalendermåned etter den måned da forpleiningen tok til bare utbetales en så stor del av nevnte ytelser etter denne lov som sammen med de sykepengar, *arbeidsavklaringspenger* og den pensjon eller overgangsstønad som vedkommende eventuelt har rett til etter lov om folketrygd, svarer til 10 prosent av full og ikke samordnet pensjon etter denne lov, tillagt 15 prosent av folketrygdens grunnbeløp.

§ 11 nr. 4 andre ledd skal lyde:

Til person som forsørger ektefelle eller barn skal det i tilfelle som nevnt i første ledd bare utbetales en så stor del av pensjon eller sykepengar etter denne lov, som sammen med de sykepengar, *arbeidsavklaringspenger* og den pensjon eller overgangsstønad som vedkommende eventuelt har rett til etter lov om folketrygd, svarer til 10 prosent av full og ikke samordnet pensjon etter denne lov, tillagt 15 prosent av folketrygdens grunnbeløp, samt pensjon etter §§ 19 og 22 i denne lov.

§ 12 nr. 3 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Dersom den skadete har rett *til overgangsstønad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i annet ledd på samme måte.

§ 19 nr. 1 tredje ledd første punktum skal lyde:

Dersom det *ytes overgangsstønad* fra folketrygden som inneholder tilleggspensjon, gjelder bestemmelsene i annet ledd på samme måte.

XI

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt skal desse endringane gjerast:

§ 6-81 første ledd første punktum skal lyde:

(1) Fra og med den måned skattyter *mottar uførepensjon etter folketrygdloven* fordi ervervsevnen er satt ned med minst 2/3, gis det et særfradrag i alminnelig inntekt på 2.667 kroner pr. påbegynt måned.

§ 6-81 andre ledd første punktum skal lyde:

(2) Andre skattytere enn nevnt i første ledd som har *mottatt uførepensjon etter folketrygdloven* eller uførepensjon etter andre lover, skal for hver påbegynt måned slike ytelser er mottatt, ha et særfradrag lik halvparten av månedsfradraget etter første ledd.

§ 17-1 første ledd bokstav a skal lyde:

a) *mottar uførepensjon etter folketrygdloven* fordi ervervsevnen er satt ned med minst 2/3. Dette gjelder ikke skattyter som samtidig mottar arbeidsavklaringspenger fra folketrygden.

XII

I lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor skal § 16 lyde:

§ 16 Forholdet til ytelser fra folketrygden mv.

Avtalefestet pensjon etter kapitlet her må ikke kunne ytes for tidsrom hvor det ytes *arbeidsavklaringspenger, uførepensjon*, etterlattepensjon eller alderspensjon fra folketrygden.

XIII

I lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse skal § 3 bokstav e første punktum lyde:

e) Det ytes ikke avtalefestet pensjon etter loven her for tidsrom hvor det ytes *arbeidsavklaringspenger, uførepensjon* eller pensjon til gjenværende ektefelle fra folketrygden.

XIV

Iverksetjing og overgangsreglar

1. Endringane i folketrygdlova §§ 9-3, 11-13, 12-5, 12-13, § 22-10 fjerde ledd og § 22-13, i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 14a og endringa i arbeidsmiljølova § 4-1 trer i kraft straks.

2. Dei andre endringane i folketrygdlova og endringane i del II, V, VI, VII, VIII, IX, X, XI, XII og XIII trer i kraft 1. januar 2012. Personar som mottek førebels uførepensjon etter folketrygdlova § 12-16, mottek likevel ytinga fram til Arbeids- og velferdsetaten har handsama kravet om uførepensjon.
